

SKUP 2002 – 21

Prosjekt: Identitetar og tortur til salgs
Medarbeider: Jan Ove Årsæther
Publikasjon: TV2 Nyhetene
Publisert: Juli – desember 02
Medium: Fjernsyn
Tema:

Metoderapport:

1. Journalist:

Jan Ove Årsæther

2. Tittel på prosjektet:

”Identitetar og tortur til salgs”

I den norske asylinndustrien er det ingen grenser for kva du kan få for pengar: Falske pass, arbeidstillatelse, bankkort, svart arbeidskraft, proforma-ekteskap og tortur.

3. Publikasjon:

Reportasjane er publisert på TV 2 Nyhetene i tidsrommet juli 2002 – desember 2002.

I alt er det kringkasta 45 reportasjar i denne serien.

4. Redaksjon:

TV 2 Nyhetene, allmenredaksjonen

Tlf: 22314700

5. Adresse

Jan Ove Årsæther

TV 2 Nyhetene

Postboks 2

0101 Oslo

Tlf: 22314539 / 41443611

6. Utgreiing av arbeidet

(a) Starten

6. september 1999 sender ambassadør Jan-Erik Leikvang på utanriksstasjonen i Islamabad ein skriftleg rapport til sine overordna i Utanriksdepartementet i Oslo. Han meiner å ha oppdaga at visum er delt ut på falsk grunnlag ved eigen ambassade. Visumattache på det tidspunktet er Oslo-mannen Terje Tune, som har permisjon frå stillinga som kontorsjef på juridisk avdeling i Utlendingsdirektoratet (UDI). Ambassadøren avslører dei ureglementerte forholda, etter at Aftenposten tidlegare den sommaren har publisert åtte ulike tilfelle av korrupsjon med norske innreisedokument – hos seks norske utanriksstasjonar.¹ Visum-fusket skjer berre få dagar etter at Tune tek over stillinga som visumansvarleg. Konfrontert med opplysningane seier først Terje Tune opp på dagen, men etter å ha teke kontakt med advokat John Chr. Elden varslar Tune at han vil gå til arbeidsrettssak mot UDI for å få tilbake jobben. Tune hevdar at han er lokka i ei felle og at han er pressa ut av stillinga si på feilaktig grunnlag. Han sender deretter eit skriftleg varsel om injuriersøksmål mot Aftenposten. Det vert ingenting av rettssakene. Tune må forlate stillinga, men forhandlar seg fram til å få utbetalt 100.000 kroner som lønn i oppseiingstida.²

To år seinare – etter eit mellomspel som medeigar av restaurant Koriander på Bislett i Oslo – blir Tune i januar 2002 tilsett som advokatfullmektig hos Advokatfirmaet Furuholmen. Målet er at han skal styrke firmaet sin kompetanse på utlendingsrett. Dette trass i at han er svartelista av sin tidlegare arbeidsgjevar. Han får rett og slett ikkje tildelt klientar av UDI. Likevel, etter berre nokre få månader har Tune sikra seg eit stort tal klientar.

9. mai møter eg ei kjelde i utlendingsforvaltninga på ein kafé i Torggata i Oslo sentrum. Kjelda fortel at han nettopp har skrivne ein intern rapport, der han konkluderer med at han er i sterk tvil i eitt spesielt tilfelle der ein asylsøkar ser ut til å vere styrt av advokaten i si asylforklaring. Utan å kunne prove det, er kjelda nesten sikker på at det er advokaten som har råda klienten til å dikte opp drapstruslar.

Tre dagar seinare, på eit nytt møte i Oslo sentrum: Ei kjelde fortel at han nyleg tok kontakt med Terje Tune for å bistå ein slektning som sat som asylsøkar i ein mindre by ein stad i Noreg. Tune sa at han kunne ta saka, men at det ville koste 4.000 kroner kontant. Mi kjelde formidlar beskjeden tilbake til den håpefulle asylsøkjaren på Sørlandet, som umiddelbart uttrykkjer undring. Han trudde prisen var høgare. Kva Tune skulle hjelpe med utover normal advokatbistand, vart aldri diskutert. Opplysningane var for meg meir interessante, enn overraskande – og førte til at det oppstod eit ønske om å oppdatere meg på bransjen eg dekkja for Aftenposten tre år tidlegare.

(b) Problemstillingar

Stemmer det at Terje Tune er svartelista av UDI og driv aktiv kapring av klientar frå kolleger? I så fall, er dette advokatfagleg uetisk og kva er det Tune tilbyr som gjer at hundrevis av klientar skiftar til nettopp han? Stemmer det at Tune krev kontant betaling i tillegg til det offentlege salæret han har krav på frå Fylkesmannen? Stemmer det at han rår klientane til å pynte på historiene sine for å ha større sjansar til opphaldstillatelse i Noreg? I så fall, kan dette dokumenterast?

I 1999 dokumenterte Aftenposten at enkelte asyladvokatar hadde oppsiktsvekkjande mange klientar (minst 850 i året³). Har desse asyladvokatane framleis i underkant av 1000 klientar og kva metodar nyttar dei i kampen for flest mogleg salærutbetalingar? Kva slags arbeid er det desse advokatane kan makte å gjere for så mange klientar? Stemmer det at advokatane håvar inn salær for ein jobb dei knapt utfører? Kva med asylsøkjjarane sin rettstryggleik?

(c) Endringar i problemstillingane undervegs

Etter kvart i arbeidet dukka det opp påstandar frå det same miljøet om at det var heilt vanleg å kjøpe seg ny identitet i Oslo. For nokre tusenlappar kunne ein kjøpe seg arbeidstillatelse, bankkonto, falskt pass, proforma-ekteskap og den såkalla grønboka som asylsøkjjarar blir utstyrt med – alt dette for å danne grunnlaget for så vel fast inntekt som opphaldsløyve. Er dette sant? Kor omfattande var dette? Kva kostar det? Og nøyaktig kva for dokument er for sal? Kvar blir dei produsert? Kven står bak? Er advokatar involvert? Eller utru tenarar i forvaltninga?

¹ Artikkelseerien om korrupsjon i utlendingsforvaltninga førte til Skup-diplom i 1999.

² Visumfusket vart i anonymisert form grundig omtalt i VG eitt år seinare, 18. juni 2000.

³ Publisert 3. juli 1999.

(d) Metode

Den offisielle kontantstraumen frå det offentlege til asyladvokatane lar seg spore gjennom offentlege register og journalar, ei løype som eg gjekk opp i 1999, m.a. med hjelp frå Norsk Presseforbund. Innsamlinga er likevel tidkrevjande. Men den største journalistiske utfordringa å forsøke å dokumentere ein uoffisiell pengestraum, samt handlingar og tilbod som ikkje lar seg dokumentere gjennom rapportar, politiavhør og offentleg tilgjengelege dokument.

Ut i miljøet

Norsk Folkehjelp ga meg fritt leide til sitt asylmottak på Lysaker – som er landets største – og eg fekk tillatelse til å kome og gå når det måtte passe meg, og fekk i tillegg adgang til fellesareal. Det viste seg raskt at både bebuarar og tilsette var godt kjend med asyladvokatane si intense jakt på klientar. Den siste trenden var ifølge kjeldene utdeling av mobiltelefonar og ringekort til nye asylsøkarar – mot at dei valde nettopp den advokaten.

Trafikknutepunkt

Med 17.575⁴ ankomne asylsøklarar i fjor tilseier det 48 nye asylsøklarar kvar einaste dag. Dei aller fleste kjem over grensa frå Vest-Sverige og inn til Oslo sentrum. Der blir alle reisedokument kasta i nittifem prosent av tilfella – og dei fleste søker asyl etter nokre dagar eller veker i Oslo. Kjelder i Kripos viste meg dei vanlegaste reiserutene. Med ein russisk borgar som tolk, var det ikkje spesielt vanskeleg å verken lokalisere eller kome i kontakt med nyankomne asylsøklarar.

Norsk politi

Offisielt opplyste norsk politi at det ikkje foregikk etterforskning mot asyladvokatar for å drive klientkapring eller for å jukse med asylhistorier. Men kjelder ga meg tilgang på interne politidokument. Der gjekk det fram at navngitte advokatar var i søkelyset for å dikte opp asylgrunnlag for klientane sine. I ein annan rapport heitte det at *"Adv.flm Tune ble spesielt nevnt idet han gir gratis mobiltelefon m/kr 150 i kontantkort til de søkere som skifter til ham"*. Vidare låg det føre ei rekkje udokumenterte påstandar om *"...pengebetaling for allerede kostnadsfrie rettigheter (fritt advokatvalg v/asylsøknad) i Norge og trusler og løfter om bedre behandling ved advokatskifte til navngitte advokater."* Desse påstandane kom frå så vel bebuarar som tilsette ved mottaket på Lysaker. Mottaket hadde også beslaglagt dokument frå bebuarar som knytte asyladvokatar til klientkapring. Personar sikta for menneskesmugling var også nemnt i interne notat, i det dei stadig vart observert ute på Norsk Folkehjelp sine asylmottak. Tipsa eg fekk tidleg i mai vart stadfesta av stadig fleire kjelder og no hadde eg også skriftleg materiale om påstandane. Materialet dokumenterte vidare at det hadde vore eit møte⁵ mellom to tenestemenn frå utlendingsavdelinga ved Oslo-politiet og Norsk Folkehjelp om aggressive og uetiske advokatar. I eit dokument heiter det *"Møtet ble initiert av lederne fra Lysaker mottak og etter sigende fordi melder føler seg utrygg ved mottaket da to navngitte personer til stadighet oppsøker mottaket og sprer frykt dersom ikke beboerne innretter seg etter gitte direktiver."* Kvifor opna ikkje politiet straffesak i desse tilfella? Jau, fordi asylsøklarar tydelegvis har vanskar med å bli trudde. Politiafdelingsjef, utlendingsseksjonen, Sten Dalgaard Nilsen avviser å gi noko intervju.

Utanlandsk politi

Først seinare vart eg gjort kjend med følgande dokument: *"We were not offered a lawyer, and found one through the Urdu language newspaper. He demanded 7.000 kroner for the case. We found out later that he was supposed to work pro bono."*, stod det i eit avhør gjort av canadisk politi. Den norske advokaten var ikkje navngitt. Men berre to norske advokatar annonserte på den tida i norske Urdu-aviser. Terje Tune var ein av disse. *"Han blev ikke udsat for tortur..[] Foreholdt, at han til norske myndigheder havde oplyst, at han blev udsat for spark og slag med stokke, svarede ansøgeren, at han efter råd fra sin advokat havde oplyst dette for at "pynte" på sin historie."*, stod det å lese i eit dansk dokument. Advokaten det vart vist til, var norsk.

Forhørsretten

Dagleg arresterer politiet i Oslo illegale asylsøklarar og menneskesmuglarar. Eg starta eit forsøk på systematisk innhenting av fengslingar i Oslo forhørsrett siste seks månadene, som sette meg på sporet av eit visst miljø med bakgrunn frå tidlegare Sovjet-republikkar. I rettsdokumenta kom det fram at asylsøklarane frå denne regionen ofte hadde inntil seks ulike identitetar/alias – og like mange

⁴ Kjelde: Utlendingsavdelinga i Kripos.

⁵ Møtet fann stad på Lysaker asylmottak 12. juni 2002.

asylhistorier. Ikkje sjeldan vart også asylsøkjara og menneskesmuglara pågripne med dokument med telefonnummera til ei lita gruppe advokatar i Oslo. Om lag 200 rettsdokument, som dokumenterte ein overraskande stor marknad for kjøp og sal av lyssky tenester, vart kronologisk arkivert i ringpermar. Eit av mange eksempel er ukrainaren Mihail Sjiman⁶ alias Dimitri Nikoljevitsj Vasilevski alias Aleksandr Sergejevitsj Mikhailov (pluss tre andre alias) som har søkt asyl fem gonger. Ein annan, Czeslaw Piotr Antioniak, hadde oppheldt seg ulovleg i Oslo heilt sidan 1993 som malar og bilvaskar.⁷ I forhørsretten kjem eg også over dei første rettsdokumenta som skildrar linken mellom kriminelle asylsøkarar og norske asyladvokatar. I eit fengslingsdokument heiter det: "...siktete tar imot pengar fra asylsøkere for å hjelpe dem med advokatbistand, falsk arbeidstillatelse og skattekort."⁸ Det vart gjort beslag av pass og lister over asylsøkjara.

Møtet med Vasilij og Igor...

Parallelt gjorde vi muntlege framstøyt mot det russiske miljøet. Etter tre mislukka forsøk, møtte endeleg russarane Vasilij og Igor opp til avtalt tidspunkt. Vasilij og Igor var av kjeldene utpeika som mennene som kunne ordne kontakt med dokumentforfalskarane. Gjennom tolk forklarar TV 2 at det kan vere ønskeleg å kjøpe eit pass. Russarane spurte aldri kva eg skulle med det, berre forklarte at det kosta 12.000 kroner i amerikanske dollar – og at dei kunne levere ei rekkje andre tenester – alt frå bankkort til proforma-ekteskap og menneskesmugling. Dei kunne også garantere at vi ikkje treng betale før passet er testa i kontrollen på Gardermoen. Igor viste fram sitt eige falske norske pass, møtet verka truverdig og vi sa at vi ville ta kontakt på nytt.

Fylkesmannen sine rekneskap

Advokatane hentar sine salærinntekter frå fylkesmannen.⁹ Desse rekneskapa er offentlege i den augneblink dei vart oversendt det overordna departementet. Noko som skjer fire gonger årleg. Men i praksis leverer Fylkesmannen sine avdelingar ut desse tala når det måtte passe journalisten. Sidan eg gjekk opp denne løypa i 1999, var det berre eit fåtal av dei 18 fylkesmennene som var usikre på om dei kunne levere ut salærutbetalingane. I alt fekk eg utlevert om lag 20.000 salærutbetalingar fordelt på dei siste 16 månadene. Desse vart lagt inn i rekneark, sortert på dei ulike advokatane. Denne jobben danna grunnlaget for å presist skildre det store talet på klientar advokatane hadde. Og salær oppgåvene peika også ut kven som spesialiserte seg nærmast utelukkande på asylsøkjara frå tidlegare sovjetrepublikkar, som var svært interessant i denne samanhengen. Kvifor? Jau, fordi desse i all hovudsak er såkalla grunnlause asylsøkjara, noko som medfører raske pengar for lite arbeid for advokaten. Det vart etter kvart klart at Terje Tune har sikra seg over 200 salærutbetalingar sidan han starta som advokatfullmektig i januar. Oppsiktsvekkjande mange for ein ny asyladvokat.

Samstundes er det heva over ein kvar tvil at mange asyladvokatar framleis har ekstremt mange klientar. Eg får innsyn i eitt av salærkrava der advokaten ikkje ein gong har makta å bokstavera sitt eige namn korrekt, like eins med namnet på klienten, klienten sine barn er blanda med ein annan klient si familie og han har over tretti tydelege hastverks-skrivefeil i dokumentet som strekkjer seg over ei A4-side. Dokumentet skil seg ikkje ut og vitnar om det mange vil kalle samlebandsjus. Det vart også klart at så mange som 80 prosent av asylsøkjara skiftar advokat etter kort tid.¹⁰ Her peikar fire svært aktive namngjevne advokatar seg ut. Det viser seg at salærinntektene varierer mellom 2,5 og 8 millionar kroner årleg hos dei advokatane vi konsentrerer oss om.¹¹

Tilsynsrådet for Advokatvirksomhet

Men asyladvokatane kan også ha andre inntektskjelder. Føretaksregisteret er den normale kjelda for innhenting av rekneskap, men når det gjeld advokatar er ikkje det fullstendig. Mange driv som enkeltmannsforetak og er ikkje rekneskapspliktige. Men desse advokatane pliktar likevel å sende inn rekneskapa sine til Tilsynsrådet for Advokatvirksomhet, som er eit offentlig utval og dermed er omfatta av offentlegheitslova. Begjæring blir sendt 27. mai og tilsynsrådet sender over rekneskapa

⁶ Sak nr: 02-5399 F/91, rettsmøte 30. mai 2002.

⁷ Sak nr: 02-6891F/66, rettsmøte 12. juni 2002.

⁸ Sak nr: 02-3294 F/94, rettsmøte 25. mars 2002.

⁹ Rekneskapssystemet Agresso er ført elektronisk og store deler av materialet vart oversendt på e-post.

¹⁰ Kjelde: UDI

¹¹ Tallmaterialet er publisert i reportasje nummer sju i publiseringslista.

allereie 29. mai. Rekneskapa dokumenterte m.a. at ein av dei mest profilerte asyladvokatane har meir enn tredobla inntekta si siste året – utan å tilsetje fleire ved kontoret.

Postjournalar

Det er gjennomført systematiske søk i offentlege arkiv og elektroniske postjournalar¹² hos etatar og departement som kunne tenkjast å ha eit form for ansvar i asyindustrien. Det skapte ekstraarbeid at flesteparten av dokumenta frå utanriksstasjonane var hemmelegstempla: I eit dokument, unnateke frå offentlegheit, som omhandla illegal immigrasjon til Noreg frå Asia heiter det at *"Han (ambassadøren, red. anm.) uttrykte vidare uro etter som virksomheten framstår som godt organisert og det ser ut til å være store penger å tjene på å tilby denne type "tjenester"*.¹³ Eit anna eksempel er følgjande dokument som går mellom Politidirektoratet og UDI: *"Eventuell tilbakekallelse av innvilget asyl"*¹⁴.

Fremkon...

...er namnet på asylforvaltninga sitt personregister. Her blir alle advokatskifte, asylvedtak og korrespondanse journalført. Registeret er ikkje offentleg, men eg fekk innsyn gjennom kjelder i forvaltninga. Her gjekk tidspunkta for når Tune overtok klientane fram.

Ved eit vegskilje

Den muntlege og skriftlege dokumentasjonen danna på dette tidspunktet grunnlag for fleire nyheitssaker. Men det mest oppsiktsvekkjande var framleis berre framsette påstandar, frå skriftlege eller muntlege kjelder utan gjennomslagskraft. For tilrua til ein asylsøkjjar er utvilsamt låg. Litt forenkla: Ingen trur ein asylsøkjjar. Og kanskje ikkje rart. Anten dei snakkar sant eller usant, om det handlar om liv eller død eller berre ein sjanse til å tene pengar, har dei alle satsa alt på eit kort. Mykje står på spel, og det er heva over ein kvar tvil at mange har motiv for å snakke usant, også våre kjelder.

Vi kom no til eit vegskilje. Skulle vi satse meir ressursar på å få endeleg dokumentert uetisk, dårleg og ufullstendig advokatarbeid og sal av falske dokument, eller skulle vi setje punktum her? 10. juni sender eg ein epost til redaksjonssjefen med kopi til nyheitssjefen der eg informerer om det innsamla materiale og aktuelle gryteklare saker. Dagen etter drøftar redaksjonsleiinga saka. Skjult mikrofon og kamera vert drøfta som ei av fleire løysingar. Spørsmålet er om det i det heile tatt er gjennomførbart og om det er etisk forsvarleg. Konklusjonen er at med den allereie innhenta dokumentasjonen vil saka framstå som reine påstandar frå anonyme kjelder. Påstandane vil heller ikkje halde i retten. I TV 2 er grunnregelen at bruk av skjult opptaksutstyr skal avdekke noko som tidlegare ikkje er dokumentert – og at saka har ei sterk alvorlegheitsgrad.

Vi er på dette tidspunktet ikkje i tvil om at det russiske miljøet driv butikk som er svært skadeleg for asylinstituttet – og vi er ikkje lenger i tvil om at fire navngitte asyladvokatar opererer i eit etisk grenseland og med ein seriøsitet som set rettstryggleiken for asylsøkjaren til side for svært enkle millioninntekter. Dagen etter blir ansvarleg redaktør Kåre Valebrokk informert om at TV 2 Nyhetene ønsker å bruke skjult kamera for å etterprøve om den innsamla dokumentasjonen held vatn.

Eg kjem etter kvart i kontakt med russaren Alexander Voda, som er sterkt frustrert over openlyst juks omkring på mottaka og elendig utført advokatarbeid. Vi utvekslar informasjon om temaet og etter nokre dagar spør eg han direkte om han kan tenke seg å gå med skjult kamera. Han får beskjed om at han kan få store vanskar i ettertid. TV 2 presiserer at verken han eller tolken har noko å tene på å stille opp. Dei vil ikkje få honorar og dei må pårekne å bli møtt med uvenlege handlingar og trugslar frå sine egne. Alexander får også beskjed om at eg ikkje vil ta stilling til om hans asylhistorie er korrekt eller ikkje, og at eg ikkje kan snakke hans sak for norske styresmakter. Men Alexander er heller ikkje interessert i å tene noko på å stå fram, utover at dette er noko han meiner må fram i lyset. Alexander hadde sjølv ein advokat som heva fullt salær, utan at han på noko tidspunkt var i kontakt med Alexander. Og når han då til slutt reiste til Oslo for å oppsøke advokaten, fekk han beskjed om at den frie rettshjelpa var oppbrukt, og at han no måtte vente til ei eventuell ankesak før advokaten kunne bistå. Men advokaten hevda sjølv at han hadde gitt lang og god bistand.

Tilfeldig offer?

¹² Statskonsult sin elektroniske postjournal: <http://www2.interpost.no/journal/sisok.html>

¹³ Dokument til UD, datert 19. desember 2001, unntatt frå offentlegheit § 5.1

¹⁴ Dokument til UDI, datert 10. mai 2002, unntatt offentlighet § 6.1.5

Skjult kamera er nådeløst. Undervinkla. Svart/kvitt. Dårleg lyd. Dårleg bilde. Den som blir filma er sjanselaus og er i sjåaren sine auge ein stor skurk frå første sekund. Er Terje Tune eit tilfeldig offer for TV 2 på fisketur? Korleis kan TV 2 vite at kanalen ikkje har skapt ein spektakulær skurk – framfor å avsløre ein? 19. juni, to veker etter at avgjerda vart teken, får Tune besøk av asylsøkjaren Alexander Voda og tolken Sergei. Dei to har fått klare instruksar på førehand: Dei skal vere passive og ikkje foreslå ulovlege handlingar. Oppgåva er ikkje å be advokaten til å dikte opp ei historie, men å dokumentere kva slags bistand asylsøkjaren får og kva slags vurderingar advokaten gjer undervegs. Kva lovar advokaten og kva råd gir han? Tune opnar med å spørje kva han kan hjelpe med. Tolken svarar kort og greitt: *"Han vurderer å søke politisk asyl her i landet"*. Derifrå og ut er det Tune som fører ordet 95 prosent av tida. På Tune sine spørsmål fortel Alexander gjennom tolken at han er i landet illegalt, at han jobbar svart og at han kan betale det rådgjevinga kostar. Tune drikk kaffi, et kaker og stemninga er lattermild og svært venleg gjennom heile møtet, som avsluttar med at Tune seier *"...så hvis han er interessert i å betale litt ekstra, så skal jeg jobbe litt personlig med akkurat det spørsmålet om å finne litt ekstra informasjon som vi kan bruke i saken litt utover det som er vanlig da."*

Det vert avtalt eit nytt møte, som skal skje fem dagar seinare. 24. juni kjem Alexander og Sergei tilbake til Tune. Den tidlegare UDI-juristen har hatt fem dagar på seg til å angre. Tune er i strålende humør, fleipar og slår vitsar med den gravalvorlege Alexander. Deretter går han rett på sak og diktar opp tortur som han har henta frå ulike Amnesty-rapportar frå Kaukasus-området. Alexander får klare råd om at han ikkje må snike på bussen, for det er nemleg slik dei fleste illegale innvandrarar blir tekne av politiet. Han må kaste sine vestlege klede og alle dokument som kan tyde på at han vore i Noreg ei stund. Innimellom torturskildringane held han fram med fleipen, ler høgt og vitsar med dei to russiske borgarane som ikkje på noko tidspunkt legg opp til at dette skal være morosamt.

Til saman er opptaka på over fire timar. Etter at samtalaner er skrivne ut, kontaktar eg to ekspertar på asylrett som får lese gjennom teksten. Dei får imidlertid ikkje vite identiteten til Tune. Konklusjonen er at Tune går langt over streken med sine initiativ allereie frå sine første råd og svar.

På fisketur?

Det er hevda at TV 2 først fiska hos fem andre advokatar, før vi til slutt fekk napp hos ein fersk og urutinert advokatfullmektig. Påstanden er usann på fleire punkt. Desse advokatane har vel, som Tune, avtalebøker som i så fall kan stadfeste at Alexander og tolken var på vitjing i dagane eller vekene før 19. juni? Sanninga er at ingen advokatar fekk besøk før Terje Tune. På skriftlege spørsmål frå advokatane Staff og Elden stadfesta TV 2 allereie 4. juli at vi var i kontakt med også andre advokatar, men vi har ikkje på noko tidspunkt opplyst kven dette er. Med tanke på at vi ikkje har publisert materiale frå andre advokatkontor er det heller ikkje aktuelt å opplyse navn i denne rapporten.

Etter besøket hos Tune vart det forsøkt filma med skjult kamera hos tre andre advokatar. Heller ikkje her ba Alexander om å få ei oppdikta historie. På lik linje med Tune-besøket, vart det klart sagt at Alexander vurderte å søke asyl, men at han trengde juridisk rådgjeving. To av desse advokatane hadde travle dagar, og advokatane henviste umiddelbart til høvesvis ein tilsett tolk og ein advokatfullmektig. Ved det eine tilfelle fekk Alexander beskjed om å gå til nærmaste politistasjon og søke asyl, for deretter å kome attende ein annan gong og få juridisk bistand. Alexander fekk også råd om å droppe heile asylsøknaden, fordi det var så vanskeleg å oppnå asyl for russiske borgarar. Han fekk i staden råd om å jobbe svart inntil vidare og heller søke arbeidstillatelse, om han klarte å framskaffe papir på at han hadde utdanning. Den tredje forklarte korleis menneskerettskonvensjonen er meint å skulle fungere, for så å be Alexander først bestemme seg om han skal søke asyl før han kjem tilbake. (I eitt av desse tre nemnde tilfella vart det aldri gjort opptak med skjult kamera fordi utstyret svikta, slik at reint teknisk vart det gjort kameraopptak hos to advokatar i tillegg til Tune.) *Ingen av advokatane gav seg til å dikte opp ei asylhistorie slik som Tune, men eit viktig poeng er at dette ber heller Alexander aldri om.* Ein av advokatane som i avhør hos politiet har hevda seg filma av TV 2 er seinare tiltalt av Oslo statsadvokatembeter for grovt bedrageri med nettopp asylsaker. Denne personen har i ei årrekke vore mellom dei mest aktive asyladvokatane (644 klientar i perioden vi granska). Vidare har Alexander sin opphavlege advokat feilaktig hevda seg filma, trass i det meiningslause faktum at denne advokaten kjende til Alexander sin fulle identitet og ikkje minst: Han utmerka godt visste at Alexander hadde søkt asyl i august 2001 – eitt år tidlegare.

Å dokumentere samlebandsjus og uforsvarleg advokatarbeid viste seg å være særdeles komplisert. Sjølv om det første møtet med advokaten kunne sannsynleggjere at det vart operert i ei gråsone (med forslag om å jobbe svart, avvising av å gi rådgjeving på førehand m.m.), måtte vi følgje heile prosessen

frå asylsøknad til avslag og fram til ei eventuell anke. Og deretter eventuelt avslag på anke. Først då kunne ein gjort seg opp ein konklusjon om advokaten sitt arbeid og oppfølging var ein fare for rettstryggleiken. Denne saksbehandlinga tek i snitt 14 månader. Svært ofte lenger tid.

Kjøp av pass

Parallelt med opptaka hos advokatane avtalte vi - og gjennomførte - fleire møte med det russiske miljøet som hadde lovt oss falske pass. Vi leverte fargebilde i tråd med instruksjonane, og fekk allereie dagen etter utlevert det første passet, som kosta oss 12.000 kroner.¹⁵ Vi var inne på tanken om å ta passet med til Gardermoen eller i ein bank for å teste kvaliteten, men slo det raskt frå oss – trass i at det hadde blitt levert og gode tv-bilder av ein slik test. Vi vurderte det derimot slik at det var ikkje journalistisk forsvarleg eller metodisk naudsynt å bruke skjult kamera for å dokumentere kvaliteten. Kripos kunne kjapt og enkelt vurdere kvaliteten for oss. I samtalanene med Igor og Vasilij var det sentralt å få dei til å snakke mest mogleg om nettverket sitt, slik at dei sjølve dokumenterte omfang og nøkkelpersonar. Vi bestilte i alt seks pass, for å kontrollere at ligaen faktisk kunne levere pass i stort omfang, og allereie dagen etter fekk vi beskjed om å hente dei nye passa. I tillegg forklarte Vasilij detaljert om alle andre dokument han og resten av nettverket kunne skaffe, inkludert å arrangere proforma-ekteskap. Ved å følge etter russarane, fann vi ut kvar dokumenta blir produsert. På denne adressa på Oslo vestkant slår politiet til nokre veker etter publisering.

Publisering

På førehand snakka vi mykje om kva som kom til å bli Tune sin reaksjon ved konfrontering med opptaka. Vi diskuterte alle eventualitetar. Også dei verst tenkelege. Vi avgjer at konfronteringa skal skje så skånsamt som mogleg. Mandag 1. juni går TV 2 til advokatkontoret Furuholmen for å konfrontere Tune. Utan å spørre kva vi vil snakke om, seier Tune først at han har ingen kommentar. Vi køyrer ikkje kamera opp i ansiktet hans, men freistar å overtale han til å snakke. Til slutt får reporteren ein sjanse til å forklare kva TV 2 har opptak av. Tune konkluderer med at han heller ikkje no vil gi nokon kommentar. Vi seier då at vi uansett må kontakte arbeidsgjevaren hans. Som respons på det, ber Tune om at han får to timar på seg til å forklare dette for arbeidsgjevaren sjølv. Dette er greitt for oss og vi forlet lokalet. Men etter ein time blir uroa for stor. Vi føler at personar rundt Tune bør vere klar over kva som er i ferd med å skje. Vi tek kontakt med arbeidsgjevaren, som straks stadfester at Tune har vore i telefonisk kontakt og forklart fakta i saka.

Klokka 21 seinare same kveld går saka på lufta, etter først å ha vore etisk og juridisk vurdert av TV 2 sine juristar. Det er ikkje gjort avtale om førehandsvisning for representantar for styresmaktene. Men etter at TV 2 sender ein såkalla "teaser" ein time før sending går alarmen i UDI. Direktoratet tek kontakt etter at dei har vorte oppringt av Dagbladet, og direktøren varslar at han gjerne vil kommentere det som vi eventuelt skal sende klokka 21.

Vi tok aldri bilde av ansiktet til Tune ved konfrontasjonen. Reaksjonen hans fekk vere hans private. I dei påfølgande dagane er vi også spesielt merksame på å la Tune sin forsvarar sleppe til i rikeleg monn. Ved kvart einaste nye steg i saka, har John Christian Elden fått kome med dei påstandane han måtte ønske om TV 2 sin journalistikk. TV 2 har også heile vegen vore dei første til å dekke dei stega i saka som har gått i retning av henlegging og det Elden har karakterisert som reinvasking. Vi har vore merksame på å unngå at saka skal framstå som ein kampanje. Ved to konkrete tilfelle blir unødig bruk av sterke bilde av Tune fjerna frå sendeplanen i minutta før sending. Vidare har alle som har tilgang på internett kunne også kontrollsjekke både fullstendige lydopptak og komplette utskrifter av alle samtalar.¹⁶ Både mediekomentatorar, politi og advokatar har gått nøye gjennom dette materialet.

Publiseringa av sakene om dokumentforfalsking og menneskesmugling skjer tre veker seinare – og startar søndag 21. juli. Trass i at bruken av skjult kamera hadde skapt stor debatt og sterke ord ved Tune-saka, var redaksjonsleiinga klar på at også desse opptaka var forsvarleg utført og at det derfor ikkje var nokon grunn til ikkje å publisere dei. Til mi undring var det denne gongen ingen som snakka om ulovlege provokasjonar. Ingen kritiserte bruken av skjult kamera mot dei utanlandske borgarane, verken på prinsipielt grunnlag eller i dette konkrete tilfellet. Advokaten til dei arresterte uttrykte aldri kritikk mot TV 2 på noko punkt. I alt vart ni personar arrestert i samband med dokumentforfalskinga og

¹⁵ Passet vart seinare overlevert til Oslo politidistrikt, som slo fast at det var totalforfalska.

¹⁶ Alt publisert materiale er samla på denne nettadressa: www.tv2.no/nyheter/innenriks/asyladvokatene/

menneskesmuglinga. Nokre er bortvist frå landet, medan fleire sit framleis i varetekt. Ein person – Igor Ryzhov - er allereie dømt.¹⁷ Retten la til grunn at han deltok i organisert kriminalitet, men Igor vart aldri dømt for noko anna enn det eine passet som han fekk betalt for av TV2. Eg har stilt meg spørsmålet om han hadde blitt dømt om han var norsk borgar.

Vi vurderte om vi var pliktige til å innhente tilsvar frå dei filma personane i førekant av publiseringa, men kom til at det spesielle miljøet gjorde at det verken ville føre fram eller ville vere forsvarleg.

Det vert også publisert saker som har oppstått i kjølvatnet av det same research-arbeidet. Til dømes om UDI-rådgjevaren som seinare blir suspendert for å bruke asylsøkjjarar som svart arbeidskraft heime hos seg sjølv. Det viser seg at rådgjevaren sine handlingar har ført til at asylsøkarane var utvist i ekspressfart. I tillegg kom saka om asyladvokaten som blir tiltalt for grovt bedrageri.

Identifisering

I kor stor grad vi skulle identifisere Tune var gjenstand for lang diskusjon i leiargruppa. Det som talte sterkest i mot var omsynet til Tune, hans nærmaste familie og spørsmålet om det i det heile var metodisk naudsynt å identifisere. Det som talte for var Tune si lange fortid som fagperson i UDI og som ekspertvitne i Høgsterett i ei profilert sak. Tune sitt arbeid bestod nettopp i å reise rundt og verifisere om asylsøkjjarar snakka sant, og gjennom seks år som tilsett i UDI hadde han makt over svært mange lagnader. Vidare ville ei anonymisering være vanskeleg av omsyn til andre advokatar som også hadde ei fortid i UDI. Det vil være vanskeleg, men ikkje umogleg, å sladde både ansikt og røyst når den avgjerande dokumentasjonen består nettopp av dei to elementa, men dette var ikkje avgjerande. Konklusjonen var at det var ei klar overvekt av metodiske argument som talte for full identifisering. Det same gjeld pass-saka.

Trugslar

TV 2 måtte førebu seg på at det kunne oppstå vanskar for både Alexander Voda og tolken. Alexander opplevde umiddelbart trugslar på mottaket i Førde. To russisktalande journalistar i nyheitene (Øystein Bogen og Siri Lill Mannes) tok spesielt hand om Alexander. Begge har hatt nær kontakt med han og har også vore på besøk hos han på mottaket. Etter nokre veker fekk Alexander flytte til anna mottak utanfor Bergen. I perioden rett etter publisering av pass-sakene valde reporter og tolken å reise ut av Oslo-området for ei kortare periode.

7. Arbeidstid

Det har gått med tre månaders dagleg arbeid til prosjektet, i tillegg til om lag 150 timar overtid.

8. Spesielle erfaringar

Som eg har vore inne på er bruk av skjult kamera nådeløst. Derfor må TV 2 stille opp i all kritisk debatt om våre metodebruk. Med unntak av Tor Erling Staff har det ikkje meldt seg sterke kritikkarar, og Staff skal ha honnør for at han under heksejakt alltid står på den svake part si side. (Slik framstår han også her, men samstundes opplyser aldri Staff at han på vegne av den same klienten har varsla søksmål mot undertekna og Aftenposten, og at han dermed har tre hattar på hovudet i denne saka. Noko VG sin kommentator også påpeikar i ein NRK-debatt.) Staff anmelde TV 2 for brot på tre paragrafar. Saka er henlagt og ingen representantar for TV 2 har heller vore kalla inn til avhør.

Politiet starta etterforskning mot Tune etter at han vart anmeldt av UDI og Oslo politidistrikt. Statsadvokaten konkluderte med at TV-bilda "...taler for seg selv"¹⁸, at Tune sine initiativ var "klanderverdige" og at han "...opptrådte aktivt med å tilrettelegge for forsøk på å avgj en uriktig asylhistorieforklaring". Men sidan Alexander Voda aldri gjekk til politiet med den oppdikta historia, såg Statsadvokaten Tune sine handlingar som "straffri forberedelse til uriktig forklaring". Det rare er at politiet har ikkje avhørt ein einaste asylsøkjjar. Politiet si økokrimavdeling (som etterforska saka) har heller ikkje på noko tidspunkt teke kontakt med politiet si utlendingsavdeling for å få utlevert dokumenta som det er henvist til i denne metoderapporten. Etterforskarane har heller ikkje vore i kontakt med Kripos si utlendingsavdeling, politi i utlandet eller mottakstilsette. Politiarbeidet er utelukkande basert på avhøyr av Tune og hans advokatkolleger. Politiet gjekk aldri ut og gjorde beslag

¹⁷ Igor Ryzov vart dømt til to månader i fengsel utan vlikår, og deretter utvist. Saknr: 02-08408 F/58.

¹⁸ Påtalemedisning, Oslo Statsadvokatembeter, 5. november 2002, Pål S. Berg

i saka. Politiet har ikkje etterspurt verken mobiltelefonar, ringekort, avtalebøker, salær oppgåva der Tune beskriv arbeidet han har utført eller Alexander si kvittering for dei 2.000 kronene.

UDI konkluderte¹⁹ med at elleve saker hadde trekk som gjorde at Tune kan ha påverka asylforklaringane, men at dette ikkje let seg prove. Og det er ikkje så rart. For om ikkje Alexander Voda hadde kamera på seg, hadde det vore komplett umogleg å prove eitt einaste ord som vart sagt på Tune sitt kontor. Utan tilståing blir alt berre påstandar eller indisium.

I pass-saka, som vart etterforska av Utlendingsseksjonen, slo politiet umiddelbart til med razzia mot Torshov asylmottak, der det vart gjort arrestasjon og beslag. Deretter slo politiet til med beslag av mobiltelefonar, produksjonsutstyr og ytterlegare arrestasjonar.

Provokasjon?

På spørsmål om besøket hos Tune og kjøpet av pass er å vurdere som ein provokasjon er svaret mitt eit klart ja. I politiet sine påtekningsark vert saka samanlikna med den såkalla Røkke-saka: *"Det vises i den anledning til avgjørelsen i Røkke-saken hvor norsk politi ikke har reist tiltale mot provokatøren Dagens Næringsliv eller sjøfartsinspektør Pallin..."*²⁰. Det journalistfaglege poenget som er verdt å merke seg med dette er at Oslo politidistrikt fører ein annan praksis enn kva kollegene i Stavanger la seg på i saka mot Stavanger Aftenblad for kjøp av fem ecstasy-tablettar.²¹

Påstandar om TV 2

Andre redaksjonar har følgd Tune-saka tett. Eit søk viser at det er publisert minst 579 artiklar²² på norske nettstader, men fasiten ligg truleg nærmare det doble. Ikkje all denne journalistikken har vore etterretteleg. Nokre har slått fast at Tune tente millionar på bedrageri. Andre har kopla Tune til menneskesmugling. Men det er publisert få eller ingen sjølvstendige og framgravde journalistiske produkt. Vi visste på førehand at Elden og Staff ville bli kopla inn i saka, og at ingen advokatar har så lett tilgang på spalteplass og mikrofon som nettopp desse to. Eg finn det vanskeleg å kome utanom dei mest alvorlege skuldningane mot TV 2:

Aftenposten hevda 7.11 2002 at Statsadvokaten hadde iverksett ny etterforskning av TV 2, fordi han meinte kanalen handla lovstridig. Ei veke seinare dementerer avisa innhaldet i artikkelen, som utelukkande var basert på Elden som kjelde.

Dagsavisen hevda gjennom eit hovudoppslag 5. juni at TV 2 truleg hadde filma ulovleg med skjult kamera, med henvisning til personopplysningslova. TV 2 fekk aldri imøtegå påstanden og gjorde dagen etter Dagsavisen merksam på at det i § 7²³ står klart og tydeleg at lova ikkje gjeld journalistisk verksemd. Avisa gjentok påstanden sin 6. juni, utan å ta omsyn til § 7. Eg merkar meg at Elden aldri har hevda at TV 2 har gjort noko lovstridig.

Fleire publikasjonar hevda i september at det var sentrale avvik mellom utskriftene TV 2 la ut på nettet og det som faktisk vart sagt. Kjelda var Elden, men kva avviket skulle bestå i vart aldri presisert. For det første var både lydopptak og utskrifter heile tida tilgjengeleg på nettet. Også for journalistane som vidareformidla desse påstandane, igjen utan å be TV 2 om tilsvar. Heller ikkje Elden eller politiet har konkretisert noko avvik overfor oss. Skulle påstandane stemme hadde det verkeleg vore søksmål-mat.

I slutten av juli melder NRK at generalsekretær i presseforbundet, Per Edgar Kokkvold, har snudd og ikkje lenger støttar TV 2 sin bruk av skjult kamera i Tune-saka. Eg tek kontakt med Kokkvold, for å spørre om årsaka til standpunktet. Han fortel meg at han ikkje har vore intervjuet på fleire dagar, at han aldri har snudd og at han ikkje forstår bakgrunnen for "nyheita". Same dag trekker NRK saka tilbake.

Alle desse sakene vart sitert av andre medieorgan og det er klart at det er ikkje fagleg tilfredstillande å oppleve at 3 månaders arbeid blir forsøkt redusert til ein kjapp kveldstur på tjuvfiske. Eg meiner

¹⁹ Rapport datert 26. september 2002.

²⁰ Påtekningsark, sak 60143/02-01

²¹ Stavanger Aftenblad fekk 10.000 kroner i foretaksstraff.

²² Søket er gjort på søkemotoren kvasir.no

²³ § 7 omhandlar forholdet til ytringsfriheita og kan lesast på <http://www.lovdاتا.no/all/tl-20000414-031-001.html#7>

bestemt at når ein skal setje fokus på journalistikk utført av andre, må ein sjølv ha metodikken, kjeldekritikken og etikken i orden. Men samstundes har det vore interessant og lærerikt å være på andre sida av mikrofonen. Det vil vere arrogant av meg å ikkje innsjå at dei som har vore utsett for min journalistikk opp gjennom åra, kan ha opplevd det på akkurat same måten som eg har opplevd mindre deler av pressedekninga av Tune-saka. Det har vore TV 2 sin politikk å ikkje bidra til å skifte fokus frå innhaldet i saka og dermed over i den retninga advokatane har ønska søkelyset, men likevel stille opp til alle debattar og intervju.

I ettertid

Ved kvar sak som skaper oppslag og sterke reaksjonar, spør ein seg om det er noko ein burde gjort annleis. Over natta var Tune den store folkefienden. Eg skal være ærleg og vedgå at i ein periode låg eg søvnlaus og angra på at eg i det heile tatt starta prosjektet. Underteikna skal ikkje hevde å sitje på nokon fasit, men kanskje vart saka overdimensjonert, kanskje ikkje. Når eg no ser alle reportasjane samla, blir inntrykket voldsomt. Sjølv i ettertid er det vanskeleg, som involvert part, å gjere seg til doms over eige handverk. Alle som blir utsett for ein "sjofel" siste-utvegs-metode som skjult kamera fortener å få forsvare seg med alle midlar, og sjølv om Tune avviste all kontakt konstaterer eg at vi laga blanke nyheitssaker av Elden sine angrep mot TV 2²⁴ og ikkje avskar han med korte halar på våre eigne vinklingar. Sjølv om dette medførte at vi let Elden få dementere lokkinga med mobiltelefonar vel kraftig. Advokatfirmaet har i ettertid vedgått at det vart delt ut minst tre mobiltelefonar og mengder av ringekort til asylsøkande agentar på mottaket, i skjul for mottaksleiinga. Firmaet hadde aldri avtale med Norsk Folkehjelp om ei slik ordning, slik det vart hevda.

No som saka er eit avslutta kapittel vel eg å konsentrere meg om fakta: Verken Tune eller andre har klagt oss inn for etiske brot, ingen har saksøkt oss for faktafeil eller kryssklipping av materiale og Tune har beklaga og tatt sjølvkritikk for at han handla som han gjorde.

Konsekvensar

- Terje Tune vert avskjediga som advokatfullmektig i Advokatfirmaet Furuholmen. Firmaet betalar tilbake det ikkje bokførte honoraret Tune kravde. Tune sin sjef slår fast at uavhengig av politietterforskinga, har Tune handla utilgjeveleg.
- Regjeringa foreslår eit tak på 150 klientar i året. Det er mindre enn Tune kapra på sine første seks månader som asyladvokat.
- Det blir oppretta ei fast advokatvakt-ordning ved transittmottaka. Dette for å setje ein stoppar for den aggressive advokatjakt på asylsøkjjarar.
- UDI startar gransking av alle sakene Terje Tune har hatt. Konklusjonen er at det er trekk ved 11 tilfelle som kan tyde på at Tune har påverke asylforklaringa, men at dette ikkje kan la seg bevise.
- Oslo krets ved advokatforeningen klagar Terje Tune inn for disiplinærutvalet. Saka er framleis til vurdering.
- UDI innfører eitt års karantenetid for embetsmenn som går frå UDI, Utlendingsnemnda og politiet over til asyladvokatstanden.
- Tune-saka – saman med Aftenposten si sak om flykaprarane og VG si sak om Rubina Rana – gjer at UDI tek initiativet til at det blir oppretta eit uavhengig granskingsutval som på fast basis skal ta stikkprøver av sakshandsaminga i UDI.
- Terje Tune blir politietterforsa for medverknad og oppfordring til falsk forklaring. Statsadvokaten henlegg seinare saka, fordi det er snakk om straffri førebuing til falsk forklaring.
- Ni utanlandske borgarar vert pågripne, sikta, utvist eller dømt for omsetning av falske dokument. Vasilij som vart filma av TV 2 er framleis etterlyst.
- Det vert sett fram krav om å skifte ut den gamle passtypen, etter at det viser seg at norske pass er mellom dei enklaste å forfalske.
- Høgre si stortingsgruppe foreslår dobling av straffa for menneskesmugling og passforfalsking, samt at politiet får lov å bruke telefonavlytting.
- Etter at TV 2 har gjort UDI merksame på at ein rådgjevar i etaten har brukt asylsøkjjarar som svart arbeidskraft i heimen sin, blir vedkommande omgåande suspendert.
- Ein politiavdelingssjef melder sine eigne tenestemenn til SEFO for å lekke dokument til TV2.

²⁴ Sakene 8, 10, 18 i publiseringslista er eksempel på dette.

Oversikt over publiserte saker

- 1 Tortur til salgs
- 2 Konfrontasjon med Tune
- 3 Reaksjonar frå advokatar og NOAS
- 4 UDI-direktøren i studio
- 5 Tune sparka og anmeldt
- 6 Reaksjonar frå kommunalministeren
- 7 Kapra klientar med mobiltelefonar
- 8 Elden meiner TV 2 lokka Tune
- 9 Asylsøkjjarar fortviler over løgner
- 10 Elden meiner Tune ikkje har gjort noko kriminelt
- 11 Nektar for utdeling av mobiltelefonar
- 12 UDI ser nærmare på 120 Tune-saker
- 13 Advokatfirmaet Furuholmen betalar tilbake honorar
- 14 Kjempar mot jukset
- 15 Kripos stadfestar omfattande juks
- 16 Nye intervju i 38 asylsaker
- 17 Ytterlegare 8 intervju
- 18 Fant ingen løgner
- 19 Ny advokatordning
- 20 Vil henlegge Tune-saka
- 21 Legger bort Tune-saka – vurderer disiplinær-klage
- 22 Legger bort Tune-saka
- 23 Tune anmelder UDI til politiet
- 24 Henlegger anmeldelse av TV 2
- 25 Asyladvokat tiltalt
- 26 Oppsummeringssak etter at UDI-tilsett har gjort underslag
- 27 Identitetar til salgs
- 28 Politimester i studio
- 29 Kripos om passforfalsking
- 30 Politimester i studio
- 31 Reaksjonar frå UDI
- 32 Pågreip 20 år gammal passforfalskar
- 33 Nytt superpass
- 34 Varetektsfengsla for to veker
- 35 Vil ikkje skifte ut pass
- 36 Redd for mafiaen
- 37 Dørum varslar kamp mot bakmenn
- 38 Vil doble straff og innføre telefonavlytting
- 39 Taus i avhør
- 40 Vil ha nye pass
- 41 Etterforskar UDI-rådgjevar
- 42 UDI vil granskast

Merk: Tre kortare meldingar som tilhøyrrer prosjektet har ikkje kome med på VHS-kopien:

- 43 Alexander blir trakassert på mottak
- 44 5 nye arrestert for passforfalskning
- 45 Kvinne arrestert for passforfalskning

Nokre av sakene kan synast like – noko som skuldast at det er snakk om endra utgåver frå 18.30-sendinga til hovudsendinga klokka 21.

Oslo, 16. januar 2003, Jan Ove Årsæther